

**Sakshandsamar:**

Eva Moberg
E-post: eva.moberg@sfj.no
Tlf.: 90591452

Vår ref.

Sak nr.: 15/11223-36
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 02.02.2018

Kystpilegrimsleia**Referat frå møte i styringsgruppa 31.01.18, klokka 11-15 i Stavanger**

Stad: Fylkeshuset Stavanger
Møteleiar: Marita Gunn Aarvik
Referent: Tor Titlestad

Til stades:

Marita Gunn Aarvik (leiar), Sogn og Fjordane
Frøydis Austigard, Møre og Romsdal
Gunn Marit Lygre, Rogaland
Ellen Haugen Bergsrønning, Trøndelag
Ingeborg Midttømme, Bispedømme
Hans Morten Løvrød, Nasjonalt Pilegrimssenter
Anne-May Waage, Notum AS
Jan G. Auestad, Rogaland
Ragnhild Halle, Rogaland Bispedømme
Tor Titlestad, Hordaland

Meldt forfall:

Neshe Lie, Hordaland
Synnøve Aabrekk, NCE

Dagsorden:**Sak 1. Godkjenning av referat frå møte i Bergen 08.12.17**

Til orientering var også vedlagt referat frå møte i prosjektgruppa 22.01.18.

Referatet vart godkjent.

Sak 2. Statusrapprotering frå NCE

Synnøve Aabrekk hadde meldt forfall til møtet, og Anne-May Waage, Notum AS orienterte. I tilknytning til maskinell omsetjing av tekst frå nynorsk til engelsk i den digitale plattformen Aispot utviklar, kan nynorsk verte problematisk. Prosjektet må difor rekne med ein del arbeid for omarbeiding av grunnlagstekstar frå nynorsk til bokmål.

NCE har teke initiativ til å få i stand eit møte med dei fylkeskommunale transportselskapa for å få på plass rabattsamarbeid for pilegrimsreisande inter-regionalt.

Sak 3. Anbodprosess for opningsseglas**Vedtak:**

Styringsgruppa godkjenner det framlagde oppdragsdokumentet med atterhald om at det må verte innarbeidd eit punkt om at det vil verte ein føremon om tilbydar kan dokumentere opningsseglasen fotografisk. Styringsgruppa ber om at Hordaland fylkeskommune set i gong og gjennomfører anbudsprosessen.

Sak 4. Modell for vidareføring/søknad om verdiskapingsmidlar

Det vart lagt fram følgjande forslag til vedtak:

Framlegg til vedtak: Så lenge langtidsplanen for den nasjonale pilegrimssatsinga ikkje er klar og endeleg organisasjonsform ikkje er valt, vert det etablert eit utviklingsprosjekt i maksimalt 2 år basert på « Blandingsmodellen» som på mellombels sikt kan ta ansvar for vidareføringa av Kystpilegrimsleia etter prosjektslutt og som kan gjere det lettare å fase inn Kystpilegrimsleia i det nasjonale pilegrimsarbeidet. I søknad om verdiskapingsmidlar for 2018 vert følgjande lagt til grunn for gjennomføring av utviklingsprosjektet:

1. For å balansere regionalt og statleg nivå, rår vi til at prosjektleiinga for utviklingsprosjektet vert lagt til NPS.
2. Det er eit mål å få avklart framtidig organisering og finansiering av Kystpilegrimsleia og vere med å underbygge den nasjonale pilegrimssatsinga.
3. Samarbeid med Aisport om utvikling av digital reiseassistent
4. Sjå utviklingsarbeidet i samanheng med vidare satsingar mot 2030 (Norge i 1000 år) og med pågåande prosjekt innan friluftsliv og folkehelse
5. Underbygge St.Olavsvegane sin status som del av Europeiske Kulturvegar .
6. Prosjekteigarar vert dei fem fylkeskommunane som står bak Kystpilegrimsleia.
7. Riksantikvaren, kyrkja, styret for Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider/Nasjonalt Pilegrimssenter sit i styringsgruppa for prosjektet med ein representant kvar i tillegg til ein politisk oppnemnd representant for kvart av dei fem fylka. NPS deltek som prosjektleiar.
8. Nøkkeltader i regionane inngår i denne samanhengen som regionale ressursar i utviklinga. Om regionale nøkkeltader inngår i fylkeskommunale planar for utvikling til pilegrimssentra, er dette underlagt andre planar og skjer uavhengig av prosjektet «Kystpilegrimsleia over ei ein ny fase».
9. Kvart av dei fem fylka bidreg med kr 100.000 – RA vert omsøkt kr 500.000 pr.år
10. NPS, kyrkja, kvart fylke og regionale ressursentra sit i arbeidsgruppe .

Vedtak:

1. **Styringsgruppa sluttar seg til prosjektet etter dei prinsippa som er skissert for ein overgangsfase mellom prosjektslutt og permant organisering og drift.**
2. **Så lenge langtidsplanen for den nasjonale pilegrimssatsinga ikkje er klar og endeleg organisasjonsform ikkje er valt, vert det etablert eit utviklingsprosjekt i maksimalt 2 år basert på « Blandingsmodellen» som på mellombels sikt kan ta ansvar for vidareføringa av Kystpilegrimsleia etter prosjektslutt og som kan gjere det lettare å fase inn Kystpilegrimsleia i det nasjonale pilegrimsarbeidet.**
3. **Styringsgruppa føreset at Nasjonalt Pilegrimssenter og fylkeskommunane finn fram til ei avklaring av rollefordelinga i prosjektet mellom statleg og regionalt nivå innan 7 dagar frå 31.01.2018.**
4. **Prosjektgruppa får i oppdrag å vidareutvikle/spisse prosjektet i søknaden til Riksantikvaren innan 14 dagar frå 31.01.2018. Styringsgruppa ber om å verte halde løpande orientert om framgangen i dette arbeidet.**

Sak 5. Dato og møtestad for neste møte i styringsgruppa

Det vert opp til administrasjonen å føreslå møtedato for styringsgruppa sine medlemmer og fastsetje dato og møtestad.

Sak 6. Eventuelt

Budsjett for opningsarrangementa i kvart fylke 2018 vart etterlyst. Budsjett og orientering vert lagt ved referat frå styringsgruppemøte (sjå vedlegg 1 og 2).

Med helsing

Eva Moberg
fylkeskonservator

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

1. Budsjettt for kvart arrangement i samband med opningsmarkering 2018
2. Invitasjonsbrev til Kystlaga

Mottakarar

Ragnhild Halle
Gunn Marit Lygre
Tor Titlestad
Rogaland fylkeskommune
Hordaland fylkeskommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Møre Bispedømmeråd
Stavanger bispedømmeråd
Bjørgvin bispedømmeråd
Åse Bitustøl
Jan Auestad
Ingeborg Midtømme
Sør-Trøndelag fylkeskommune
Nidaros Bispedømmeråd
Aarvik Marita Gunn
Neshe Lie
Frøydis Austigard
Hans Morten Løvrød
Synnøve Aabrekk
Ellen Haugen Bergsrønning

Kopi til:

Are Skjelstad
Knut Wik
John Erik Brakstad
Bjørn Ringstad
Ragna Sofie Grung Moe
Per Hillesund
Einar Vegge
Anne-Mari Planke
Knut Åland, NKA
Ingebjørg Erikstad, NKA